

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	536
Land:	Afghanistan
Kilde:	Landinfo
Titel:	Afghanistan: Politiet – oppbygging og situasjonen for kvinner
Udgivet:	8. oktober 2014
Optaget på baggrundsmaterialet:	17. december 2014

Respons

Afghanistan: Politiet – oppbygging og situasjonen for kvinner

- Korleis er det afghanske politiet bygd opp: avdelingar, bemanning og rangordning?
- Korleis er situasjonen for kvinner i politiet?
- Kva sanksjonar kan politi, særleg kvinner i profilerte stillingar, stå i fare for? Både i teneste, og etter avslutta arbeidsforhold og eventuell relokalisering?

Afghan National Police (ANP) – institusjonell oppbygging

Afghan National Police (ANP) er del av dei afghanske sikkerhetsstyrkane (ANSF), saman med Afghan National Army (ANA) og National Directorate of Security (NDS). ANP ligg administrativt under Ministry of Interior (MoI). ANP er delt inn i fire politistyrkar og to underordna støttestyrkar:

1) Afghan Uniform Civilian Police (AUP):

Dette er hovudstyrka i politiet og den største avdelinga med ca. 90 000 tilsette. AUP har ansvar for å forhindre kriminalitet, kontrollere trafikk, utføre regelmessige patruljer og bemanne kontrollpostar. I tillegg skal dei vere i beredskap og ha kontakt med befolkninga.

2) Afghan National Civil Order Police (ANCOP):

ANCOP er eit elitekorps med ca. 15 000 tilsette ved fire ulike brigadar. Korpset er eit kontaktpunkt mellom Afghan Uniform Civilian Police (AUP) og hæren (ANA), og har vore mykje brukt i kampen mot terror.

3) Afghan Border Police (ABP):

Styrka består av ca. 20 000 tilsette og har ansvar for kontroll ved flyplassar, grenseovergangar samt myndighet over 50 kilometer av territoriet langs landegrensa.

4) Afghan Anti-Crime Police (AACP):

AACP er ei multifasetert styrke som inkluderer både etterforskning og etterretning. Ulike avdelingar omfattar terrorisme, narkotika, politietterretning, kriminaletterforskning, større kriminalsaker, spesialoppdrag og kriminalteknikk. Det er ei forholdsvis lita avdeling med ca. 3400 tilsette, dei fleste i Kabul. Styrka skal støtte andre avdelingar i ANP.

Hjelpestyrker

Desse styrkane skal støtte dei ordinære styrkane, primært med vakthald, og har ikkje mandat til å drive etterforsking eller å foreta arrestasjonar.

a) Afghan Local Police (ALP)

ALP er oppretta for å beskytte landsbyar mot væpna opposisjon. Styrkane er rekrutterte lokalt, av landsby-eldre eller lokale maktpersonar. ALP har vore utsett for sterk kritikk på grunn av vage rekrutteringskriterium, dårlig og svært avgrensa opplæring, og ureglementert maktbruk mot lokalbefolkninga.

b) Afghan Public Protection Force (APPF)

APPF blei oppretta i 2011 for å ivareta oppgåvene private sikkerheitsfirma tidlegare stod for. Ansvarsområdet er primært vakthald ved offentlege bygningar og sentral infrastruktur (USIP 2013).

ANP Force Pillars			
Afghan National Police Plan (NPP) Pillars			
Afghan Uniformed Civilian Police (AUP)	Afghan National Civil Order Police (ANCOP)	Afghan Border Police (ABP)	Afghan Anti-Crime Police (AAPC)
NPP Police Pillar Roles and Missions			
Maintain rule of law, adapting an intelligence based policing model	Maintain law & order using proportional armed capability	Secures and safeguards national borders, security zones, and ports of entry	Investigative and intelligence police capacities from MoI to Regions
NPP Police Pillar Functions & Capabilities			
a) Consists of Regional Zones, Traffic Police and Fire & Rescue Departments; b) Responds to emergencies and maintains public safety; c) Works with AAPC to prevent, detect and investigate crimes; d) Build public confidence in GfRoA	a) Geographically organized into regional brigades and battalions; b) Operations support by Military during COIN "Clear" phase; c) Primary Police force for COIN "Hold" phase; d) Replaces AUP in high threat areas; e) Maintain & restore civil order	a) Safeguards National boundaries against external aggression; b) Control entry & exit at POEs; c) Deter & counter insurgency and criminal activities at borders; d) Prevent smuggling; e) Control refugee movement; f) Cooperate with neighboring countries	a) Counter-Terrorism; b) Counter-Narcotics; c) Police Intelligence; d) Major Crimes Task Force; e) Police Special Units; f) Forensics
Afghan Public Protection Force (APPF)		Afghan Local Police (ALP)	
Provides protection for infrastructure, facilities, project sites, and personnel	a) Removes the need to employ trained AUP officers in guards positions; b) State Security Force; c) Employed under MoI direction; d) Supports donor funded security; e) predominately MoI funded; f) Limited LOTFA funded	Ensures the security of local communities and paves the way for reconstruction, development and political stability	a) Authorized strength of 10,000; b) Potentially expanding to 30,000; c) Governed by Establishment Procedures; d) US funded; e) Employed under MoI directions; f) Lacks arrest authority

(ISAF Joint Command/Information Dominance Centre 2011, s. 2)

Afghan National Police Strategy (MoI u.å.) har meir informasjon om ansvaret og arbeidsoppgåvene til dei ulike avdelingane i politiet. Manglande kapasitet, både når det gjeld menneskelege og finansielle ressursar, samt varierende kunnskapsnivå blant dei tilsette, gjer at politiet ikkje er i stand til å ivareta alle funksjonane og ansvaret som strategien beskriv.

Bemanning, forfremjing og rangordning

Det har vore sterkt internasjonalt fokus på å bygge opp dei afghanske sikkerheitstenestene etter 2001. Rekrutteringa har vore høg, og i 2013 var i underkant av 150 000 tilsette i ANP, brorparten i AUP. Det er registrert forholdsvis stor slitasje på politiet, med rundt 25 prosent årleg fråfall (*attrition*). Dette er både ureglementert frávær, personar som seier opp stillinga og desertørar. Eit mindretall blir drepne i teneste (USIP 2013; Department of Defense 2014, s. 35-37). Den store slitasjen på politikorpset skapar behov for kontinuerleg rekruttering. Stadig nye rekruttar gjev utfordringar når det gjeld kunnskap og kapasitet. Det er stor einigheit om at det er eit generelt lågt kunnskapsnivå blant tenestemenna. Blant rekruttane er nær 80 prosent analfabetar, og først i 2009/2010 blei det obligatorisk å gjennomgå seks vekers opplæring før ein blei stasjonert i felt (USIP 2013; Oxfam 2011, s. 10-11).

Ekstern støtte til opplæring av politiet skjer både gjennom NATO sin «Training Mission Afghanistan» og gjennom EUPOL (European Union Police Mission), samt enkeltland sine egne initiativ, til dømes Noreg sitt bidrag «Styrkebrønn-prosjektet». Opplæring har skjedd på alle nivå, både innan leiing og spesialiserte polititekniske tema (USIP 2013; Oxfam 2011, s. 10-11), og i grunnleggande politiferdigheiter av til dømes tilsette i ALP, som det amerikanske sikkerheitsselskapet DynCorps International har gjennomført (Lefèvre 2010, s. 6). Til tross for stor internasjonal støtte til opplæring, viser NATO til at 90 prosent av opplæringa av sikkerheitsstyrkene (militæret og politiet) har blitt gjennomført av afghanarane sjølv (NATO 2013)

Til tross for auka fokus på å profesjonalisere politiet, både teknisk og strukturelt for i større grad å følgje byråkratiske prinsipp, er det framleis ei utfordring at høgare stillingar i mange tilfelle blir fordelt gjennom personlege nettverk, framfor etter kvalifikasjonar (Giustozzi & Isaqzadeh 2013, s. 105 ff). Det er likevel grunn til å anta at ansiennitet og kompetansenivå vil ha verdi i spørsmål om forfremjing.

I 2005/2006 gjekk ANP gjennom ein strukturereform. Målet var å redusere den topptunge organisasjonen, gjere politiarbeidet meir attraktivt og å redusere korrupsjonen. Tiltak var blant anna å redusere talet på høgare stillingar og å auke lønningane. Amerikanske myndigheiter viser til følgjande oversikt over posisjonar og lønn, før og etter reforma:

ANP PAY & RANK REFORM					
RANK STRUCTURE			PAY STRUCTURE		
Before Reform		After Reform	Before Reform		After Reform
319	Generals	120	\$107	Lt General	\$750
2,447	Colonels	235	\$103	Maj General	\$650
1,824	Lt Colonels	305	\$95	Brig General	\$550
2,067	Majors	474	\$92	Colonel	\$400
3,762	Captains	1,140	\$88	Lt Colonel	\$350
1,705	1 st Lieutenants	1,710	\$83	Major	\$300
1,834	2 nd Lieutenants	2,836	\$78	Captain	\$250
1,043	3 rd Lieutenants	0	\$69	1 st Lieutenant	\$200
4,813	Sergeants	9,300	\$66	2 nd Lieutenant	\$180
36,600	Patrolmen	45,880	\$62	Sergeant	\$115/\$140/\$160
			\$70	Patrolman	\$70/\$80
			Pay per month in USD		

Figure 7. ANP Pay and Rank Reform Chart
(Source: CSTC-A)

(Inspectors General 2006, s. 27)

Patrolmen og Sergeant fell i kategorien «non-commissioned officers» (NCO), det betyr at dei ikkje innehar offiserstatus. Offiserstatus startar ved posisjonen løytnant. Ifølgje Inspectors General (2006, s. 68) vart det i reorganiseringsprosessen sett ned formkrav for ny innplassering av tilsette i politiet. Sett hen til den generelle forvaltningskulturen i landet er det nærliggande å anta at det er store variasjonar i kva grad formkrava har blitt følgt. Guistozzi og Isaqzadeh (2013, s. 150-151) peikar på at for mange kompromiss blei inngått under prosessen, og hevder at reforma ikkje greidde å styrke personalavdelinga i innanriksministeriet (MoI) tilstrekkeleg til å ta eit oppgjør med den rådande nepotismen.

Kvinner i politiet

Kvinner utgjør i underkant av ein prosent av tilsette i politiet. Oxfam opplyser at berre 1551 kvinner var tilsett i politiet i 2013. Dette er under halvparten av dei 3249 stillingane som er øyremerka til kvinner i politiet. Dei øyremerka stillingane inkluderer 821 offiserar, 787 non-commissioned officers (NCO), 1370 patruljepersonell, 101 administrativt personell og 170 kontraktørar. Kvinneleg politi arbeider primært i urbane strøk. Sjå under for utdrag av tabell presentert av Oxfam (tal frå MoI):

Table 1 Numbers of female police, their location and rank as of February 2013

Province	Officer	Sergeant (NCO)	Patrolwoman	Total
<i>Kabul</i>	154	298	236	688
<i>Nangarhar</i>	0	12	23	35
<i>Parwan</i>	0	3	5	8
<i>Kapisa</i>	0	0	5	5
<i>Panjshir</i>	0	0	0	0
<i>Kunar</i>	0	1	1	2
(...)				

(Oxfam 2013, s. 13-14)

Å auke andelen kvinner i politiet har vore eit krav frå internasjonale donorar i lengre tid, og i 2009 sette MoI seg mål om å rekruttere 5000 nye politikvinner. Samtidig er det ei blanda oppfatning i befolkninga om det passar seg for kvinner å arbeide i politiet. I konservative område er det generelt motstand mot at kvinner deltek i arbeidslivet. Politiet har i utgangspunktet låg status (uavhengig av kjønn) og blir ofte sett på som korrupte og kriminelle. Det er ofte dårleg tilrettelagde fasilitetar for kvinner, til dømes manglande separate opphaldsrom og trygg transport til og frå arbeid. I tillegg kan tett samarbeid med primært menn, bidra til at kvinneleg politi får eit dårleg rykte og at familiar vegrar seg for å la sine kvinner arbeide her (Giustozzi & Isaqzadeh 2013, s. 147 ff; Oxfam 2013, s. 28). Det er grunn til å anta at høgare posisjonar i nokon grad reduserer eit dårleg rykte.

Kompetansenivået til kvinnelege polititilsette, på lik linje med mannlege, varierer. Etter rekrutteringskampanjar av kvinner i 2008/2009 blir det vist til at brorparten av dei nyttilsette kvinnene var analfabetar, at dei var i stillingar utan fastsette arbeidsoppgåver og at dei fekk minimalt med opplæring. Samtidig finst det politikvinner som har vore tilsett over lengre tid, og med betre kompetanse (Giustozzi & Isaqzadeh 2013, s. 148). Det blir vist til at kvinner innehar nøkkelposisjonar, nokon i seniorstillingar, blant anna i Criminal Investigation Division (CID) og Counter Narcotics (CN) (Oxfam 2013, s. 12). Kvinner er også del av den rådande forvaltningskulturen der nettverk og slektningar kan bli vektlagt ved forfremjingar. I

nokon tilfelle er forfremjinga «berre på papiret»; lønna vert høgare, utan at ansvaret vert større og oppgåvene meir krevjande. I andre tilfelle er ikkje den faglege kompetansen reelt sett tilstrekkeleg. Dette utelet ikkje at kvinner også får stillingar på grunn av kvalifikasjonar.

Kvinner blir ofte diskriminert ved tilsetting i høgare posisjonar, også dei som er øyremerka for kvinner. Seksuell vald og trakassering innan politiet er utfordringar tilsette kvinner står overfor, i tillegg til diskriminering (HRW 2013; Oxfam 2013, s. 23).

Sanksjonar mot kvinneleg politi/kvinner i profilerte posisjonar

I 2013 blei to kvinnelege politisjefar drepne i Helmand-provinsen, begge på veg til arbeid. Begge var på drapstidspunktet dei høgast rangerte kvinnene i politiet i provinsen. Attentata blei sett i samanheng med eit auka tal direkte angrep mot kvinner i leiande samfunnsposisjonar (Graham-Harrison 2013). I juli 2013 blei ei politikvinne i Nangahar-provinsen drepent utanfor teneste (Pajhwok Report 2013), og i desember blei ei politikvinne drepent på veg til arbeid i Nimroz-provinsen (Rubin 2013). I 2008 blei øvste kvinnelege politi i Kandahar-provinsen drepent av Taliban (Oxfam 2013, s. 28).

Under ei samtale med ein FN-organisasjon i Kabul i oktober 2013 fekk Landinfo opplyst at kvinner i profilerte offentlege posisjonar etter 2008/9 opplever meir press og får fleire truslar enn tidlegare, og at til dømes kvinneaktivistar er meir forsiktige enn tidlegare med å uttale seg i det offentlege. I 2012 blei to leiarar for kvinne departementet i Laghman-provinsen drepne (Rubin & Zahori 2012), og eit kvinneleg parlamentsmedlem blei kidnappa og haldt i fangenskap i tre veker i Ghazni-provinsen i oktober i 2013. I kva grad kvinner i offentlege posisjonar kan vere utsette for sanksjonar, avheng av konteksten dei opererer i, om den er meir «liberal» eller meir «konservativ». Organisasjonen meiner at kvinner som er politikarar, jobbar for myndigheitene eller er «fritalande» om kontroversielle tema, kan stå i fare for sanksjonar (samtale FN-organisasjon A 2013).

Sanksjonar mot myndigheits- og/eller ANP-personell

Afghanske myndigheiter, deriblant afghanske sikkerheitsstyrker (ANSF) og ANP er uttalte legitime mål for Taliban og andre opprørsgrupper. Over 70 prosent av angrep utført av den væpna opposisjonen, rettar seg mot ANSF. Det er primært utstasjonerte og patruljepersonell i teneste i rurale områder som blir angripne. I tillegg er personar som arbeider for myndigheitene, utsett for målretta angrep. Tal på målretta angrep frå den væpna opposisjonen har auka dei siste åra. UNAMA viser til at politioffiserar som utfører sivile oppgåver, samt politipersonell utanfor teneste (utanfor arbeidstida), er representert i denne kategorien (UNAMA & UNOHCHR 2013, s. 24). Landinfo har ikkje informasjon om omfanget av polititenestemenn i denne kategorien.

Generelt er myndigheitspersonar mest utsett i områder med dårleg myndigheitskontroll og stort nærvær av den væpna opposisjonen. Per 2014 er dette situasjonen på store delar av den afghanske landsbygda. I desse områda risikerer alle myndighetspersonar, også personar med lågare profil, å bli utsett for sanksjonar. I områder under stabil myndigheitskontroll, særleg større byar, vil det primært vere høgprofilerte myndighetspersonar opprørarane går etter.

Fare for sanksjonar etter at ein har slutta i stillinga eller etter relokalisering

Under samtaler med kjelder i Kabul i oktober 2013 fekk Landinfo ulike vurderingar av i kva grad trusselbildet endrar seg om ein person forlèt stillinga si etter å ha fått truslar. I dei fleste

tilfelle der det går fram av framsett trussel at ein person må forlate stillinga si for å unngå sanksjonar, kan det å slutte i stillinga, og såleis etterkomme trusselen, redusere faren for reaksjonar. Enkelte kjelder framheva at dette ikkje nødvendigvis er tilfellet for svært høgt profilerte personar, eksempelvis avgåtte provinsguvernørar og politisjefar. Då kan risikoen for sanksjoner vare ved etter at personen forlèt stillinga (samtale forskarorganisasjon Kabul 2013).

Ifølgje organisasjonar som arbeider i Afghanistan, har fleire av desse relokalisert nasjonalt personell som har fått truslar frå væpna opposisjon i områder der dei har budd og arbeidd. Ved å flytte til ein annan del av landet, viser dei fleste til at truslane sluttar (samtale FN-organisasjon 2012; samtale internasjonal organisasjon 2013). Ein FN-organisasjon viser til eit tilfelle der ein tilsett som flytta til Kabul, opplevde truslar også etter relokaliseringa (samtale FN-organisasjon B 2013).

I kva grad truslar minkar eller fell vekk ved relokalisering, må sjåast i samanheng med trussel-sendaren si evne og vilje til å gjennomføre sanksjonar. Når det gjeld Taliban vil dei generelt ha evne til å utføre sanksjoner over heile landet. Informasjonen Landinfo har tilgang til, indikerer likevel at det berre er høgprofilerte personar som vil vere eksponert for risiko om alvorlige sanksjonar, uavhengig av kvar dei oppheld seg. I myndigheitskontrollerte områder prioriterer Taliban høgprofilerte mål (Landinfo 2012, s. 8-10).

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både åpne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller ikkje uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

Referansar

Skriftlege kjelder

- Department of Defense (2014, april). *Report on Progress Toward Security and Stability in Afghanistan*. Washington D.C.: Department of Defense. Tilgjengeleg frå http://www.defense.gov/pubs/April_1230_Report_Final.pdf [lasta ned 29. september 2014]
- Giustozzi, A. & Isaqzadeh, M. (2013). *Policing Afghanistan – the politics of the lame Leviathan*. London: Hurst & Company.
- Graham-Harrison, E. (2013, 16. september). Top Afghan policewomen killed months after predecessor's assassination. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.theguardian.com/world/2013/sep/16/afghanistan-policewoman-nigara-assassinated-taliban> [lasta ned 29. september 2014]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2013, 25. april). *Afghanistan: Urgent need for safe facilities for female police*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/news/2013/04/25/afghanistan-urgent-need-safe-facilities-female-police> [lasta ned 6. oktober 2014]

Respons Afghanistan: Politiet – oppbygging og situasjonen for kvinner

- Inspectors General (2006, november). *Interagency Assessment of Police Training and Readiness*. Washington D.C.: U.S. Department of State & U.S. Department of Defense. Tilgjengeleg frå <http://oig.state.gov/documents/organization/76103.pdf> [lasta ned 29. september 2014]
- ISAF Joint Command/Information Dominance Centre (2011, 17. oktober). *IJC IDC Information Paper: Police in Afghanistan*. Kabul: ISAF. Tilgjengeleg frå <https://info.publicintelligence.net/ISAF-AfghanPolice.pdf#page=10&zoom=auto,0,56> [lasta ned 29. september 2014]
- Landinfo (2012, 6. februar). *Afghanistan – Rekruttering til Taliban*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå http://www.landinfo.no/asset/1985/1/1985_1.pdf [lasta ned 29. september 2014]
- Lefèvre, M. (2010, 27. mai). *Local defence in Afghanistan: A review of Government-backed initiatives*. Kabul: Afghanistan Analyst Network. Tilgjengeleg frå <http://www.afghanistan-analysts.org/wp-content/uploads/downloads/2012/10/20100525MLefevre-LDIpaper.pdf> [lasta ned 29. september 2014]
- MoI, dvs. Ministry of Interior Affairs (u.å.). *Afghan National Police Strategy*. Kabul: Islamic Republic of Afghanistan. Tilgjengeleg frå <http://moi.gov.af/en/page/5076>. [lasta ned 29. september 2014]
- NATO, dvs. North Atlantic Treaty Organization (2013, oktober). *Afghan National Security Forces (ANSF)*. Brussel: NATO. Tilgjengeleg frå http://www.nato.int/nato_static/assets/pdf/pdf_2013_10/20131018_131022-MediaBackgrounder_ANSF_en.pdf [lasta ned 8.oktober 2014]
- Oxfam et al. (2011, mai). *No Time To Lose – Promoting the Accountability of Afghan National Security Forces*. Oxford: Oxfam. Tilgjengeleg frå <http://www.oxfam.org/sites/www.oxfam.org/files/afghanistan-no-time-to-lose-20110510-en.pdf> [lasta ned 29. september 2014]
- Oxfam (2013, 10. september). *Women and the Afghan Police – why a law enforcement agency that respects and protects females is crucial for progress*. Oxford: Oxfam. Tilgjengeleg frå <http://www.oxfam.org/sites/www.oxfam.org/files/bp-173-afghanistan-women-police-100913-en.pdf> [lasta ned 29. september 2014]
- Pajhwok Report (2013, 21. juli). *Policewomen gunned down in Nangarhar*. *Pajhwok Afghan News*. Tilgjengeleg frå <http://www.pajhwok.com/en/2013/07/21/policewoman-gunned-down-nangarhar> [lasta ned 2. oktober 2014]
- Rubin, A. (2013, 5. desember). *Afghan Policewomen is killed, fourth in last six months*. *The New York Times*. Tilgjengeleg frå <http://www.nytimes.com/2013/12/06/world/asia/gunmen-kill-afghan-policewoman.html> [lasta ned 2. oktober 2014]
- Rubin, A. & Zahori, H. (2012, 10. desember). *Afghan Women's Affairs aide shot moths after killing of predecessor*. *The New York Times*. Tilgjengeleg frå http://www.nytimes.com/2012/12/11/world/asia/gunmen-assassinate-afghan-womens-affairs-official.html?_r=0 [lasta ned 29. september 2014]
- UNAMA & UNOHCHR, dvs. United Nations Assistance Mission to Afghanistan & United Nations Office of the High Commissioner for Human Rights (2013, februar). *Afghanistan – Annual report 2013 – Protection of civilians in armed conflict*. Kabul: UNAMA & UNOHCHR. Tilgjengeleg frå http://unama.unmissions.org/Portals/UNAMA/human%20rights/Feb_8_2014_PoC-report_2013-Full-report-ENG.pdf [lasta ned 29. september 2014]
- USIP, dvs. United States Institute of Peace (2013, februar). *Police Transition in Afghanistan*. Washington D.C.: USIP. Tilgjengeleg frå <http://www.usip.org/sites/default/files/SR322.pdf> [lasta ned 29. september 2014]

Munnlege kjelder

- Samtale med FN-organisasjon A, Kabul, 21.oktober 2013
- Samtale med FN-organisasjon B, Kabul, 22. oktober 2013
- Samtale med FN-organisasjon, Kabul, november 2012
- Samtale med forskarorganisasjon, Kabul, 22.oktober 2013
- Samtale med internasjonal organisasjon, Kabul 23. oktober 2013

Respons Afghanistan: Politiet – oppbygging og situasjonen for kvinner

© Landinfo 2013

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.